

# VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

1

Til medlemmar  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Ottadalen villreinutval v/Leiar og sekretær

## Saker frå møte og synfaring for Villreinnemnda for Ottadalen

**Møtedato** : Måndag 15.juni. 2009  
**Møtestad** : Grotli høyfjellshotel, Skjåk  
**Møtetid** : 10:00 – 15:00

### Frammøte:

**Stryn:** Johan Berge, leiar  
**Lesja:** Marit Hole Tynnøl  
**Rauma:** Kari R. Hoem  
**Dovre:** Solveig Gråberg  
**Skjåk:** Øystein Breie  
**Lom:** Syver Plassen

**Stranda:** Inger Line Kammen  
**Vågå:** Tom Erik Damstuen  
**Norddal:** Jostein Tafjord  
**Luster:** Kjartan Kvien  
I tillegg møtte Leiar i Ottadalen villreinutval, Stig Aaboen og sekretær Knut Granum

### Synfaring

Start ved Grotli høyfjellshotel – riksveg 15 vestover Breiddalen – Grasdalen – kryss riksveg 15/gamle Strynefjellsvegen – Videseter – Stryn sommerskisenter – Vassvenda – Heillstuguvatnet – Grotli høyfjellshotel der det blir møte.

### Sakliste:

- 14/09 Referatsaker
- 15/09 Innmelding i Villreinrådet i Norge
- 16/09 Valdproblematikken – diskusjon rundt organiseringa av Ottadalsområdet som eit vald
- 17/09 Budsjett - økonomi
- 18/09 Orientering om problematikk rundt tamrein/villrein i Lomseggenområdet 2009

Johan Berge  
Leiar

Bjørn Dalen  
Sekretær

*Kan du ikkje møte så ta kontakt med vararepresentant frå din kommune. Gje beskjed til sekretæren om varerepresentant møte i staden.*

**Kopi til:** Direktoratet for naturforvaltning, 7074 Trondheim  
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger

Adresse:  
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:  
61217025

Telefaks:  
61217000

E-post:  
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

# VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

2

<b>Saksnummer/år: 14/09</b>	
<b>Møtedato: 15.juni 2009</b>	
<b>Saksansvarleg: Bjørn Dalen</b>	

**Tittel:** Referatsaker

1. Orientering med bakgrunn i motteke referat frå møte i Luster om utsetjing av villrein.
  - Kjartan Kvien orientert om arbeidet så langt. Dei har oppnemnt eit lokalt arbeidsutval som arbeider med saka. Dei har fått litt midler (kr.178.000) frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i samband med verneplanprosessen for Breheimen. I referatet frå fyrste møte i arbeidsutvalet er det kasta fram tankar om å drive reinen frå Ottadalen Sør som går i Skjåk, over til Lusterområdet for å prøve å få dyr til å stede seg der. Dette seier Kvien er uaktuelt. Det fyrst og mest aktuelle tiltaket er å få grunneigarane i Luster til å totalfredre sine område for jakt for å sjå om det kan byggje seg opp ei stamme naturleg. Anna aktuelle tiltak kan vera å kjøpe inn kalv gjete dei ei å periode før dei blir sleppt fri. Det er eit behov for å framskaffe kunnskap om grunnlaget for å setje ut rein ein gong til i området.
2. Vedtak i Stryn kommune om løyve til å nytte helikopter ved Stryn sommerskisenter.
  - Leiar Johan Berge orienterte om vidare saksgang. Villreinnemnda gjorde vedtak der dei gjekk imot landing både på toppen av skitrekket og i botnen ved gamle Stynefjellsvegen på Tystigen. Stryn kommune tok til følgje å ikkje gå for løyve til å lande på toppen av skitrekket ,men går inn for å la dei lande nede ved vegen ved servicebygget. Saka går no til Luftfartsdirektoratet til endeleg avgjerd.

Adresse:  
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:  
61217025

Telefaks:  
61217000

E-post:  
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

# VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

3

<b>Saksnummer/år: 15/09</b>	
<b>Møtedato: 15.juni 2009</b>	
<b>Saksansvarleg: Bjørn Dalen</b>	

**Tittel:** Innmelding i Villreintrådet i Norge

**Saksdokument:** 1. E-post frå sekretæren i Villreintrådet i Norge

## Saksutgreiing

Villreinnemnda har motteke følgjande e-post frå Villreintrådet:

*Hei.*

*Vi er klar over at dere ikke er medlemmer av Villreintrådet for tida, men vi ønsker dere tilbake dersom dere finner det formålstjenlig. Dere er velkommen til å delta på årsmøtet på Hjerkin 12. og 13. juni.*

*Jeg legger ved innkalling/program og forslaget til arbeidsprogram for de to neste åra.*

*Se forøvrig <http://www.villrein.no/Villreintr%C3%A5det/Aktuelt/tabid/7276/Default.aspx>*

*Med hilsen*

*Jan Hageland*

## Vurdering

Verken villreinnemnda eller villreintrådet i Ottadalen er medlemmar av villreintrådet i dag. På utvalet sitt møte i Lom den 27.mai vart det vedteke å melde utvalet inn i villreintrådet att.

Prisen for å vere med er sterkt moderert mot tidlegar.

Ein ser det som viktig også for nemnda og vere med på denne arenaen for å hauste kunnskap og dele erfaringar om villreinformaltinga.

Prisen for å vere medlem er nå utrekna etter areal slik at ein betaler 0,75 kr/ km<sup>2</sup>. For Ottadalen villreinnemnd er prisen utrekna til: 4755 km<sup>2</sup> x 0,75 kr = Kr. 3566,-

## Konklusjon

Sekretariatet vil tilrå at nemnda melder seg inn i Villreintrådet for Norge.

## Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd vedtek å melde seg inn i Villreintrådet for Norge.

## Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek å melde seg inn i Villreintrådet for Norge.

Går til: Villreintrådet i Noreg v/Jan Hageland.

Adresse:  
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:  
61217025

Telefaks:  
61217000

E-post:  
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

# VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

4

<b>Saksnummer/år: 16/09</b>	
<b>Møtedato: 15. juni 2009</b>	
<b>Saksansvarleg: Bjørn Dalen</b>	

**Tittel:** Valdproblematikken – diskusjon rundt organiseringa av Ottadalsområdet som eit vald

**Saksdokument:** Ingen

## Saksutgreiing

Nemnda tek opp denne saka for å starte arbeidet med ein gjennomgang av heile området med tanke på å få på plass valddordninga. Saka var diskutert på siste møtet i villreinutvalet også. Det har og tidlegar kome brev dagsett 19.mai 2008 frå 3 samanslutningar i Norddal kommune der dei ber om areal- og boniterings gjennomgangar. Som grunnlag for dette arbeidet må ein ha på plass skikkelege kart og eit boniteringssystem må og vurderast. Kommunane har nå stort sett god oversikt over eigedommar innanfor sine grenser. Det må derfor til eit samarbeid med dei om avklaring av ukklarheiter. Boniteringssystemet må ein vurdere saman med fagekspertise som har erfaring. Når grenser og bonitering er på plass må det gjerast eit arbeid med å prøve å få dei svært små grunneigarane til å slå seg saman i større samanslutningar for tildeling av kvoter. Dette siste blir fyrst og fremst utvalet sitt arbeid.

## Vurdering:

Framdrifta i arbeidet kan bli slik:

1. Kartlegging av området med samanføyning av digitale kart for den enkelte kommune (GIS)
2. Legge på eigedomsgrenser og kontrollere at desse er rette for den enkelte kommune (DEK). Vurdere kva ein gjer der det evt. er tvist og få avklart dette.
3. Finne fram til eit egna boniteringssystem for gradering av areal.
4. Justere oversikta over teljande areal og vekting.

## Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd vedtek å setje i gang arbeidet med ny kartlegging og bonitering av heile villreinområdet for å få eit best mogleg fordeling og oversikt over teljande areal for den enkelte grunneigar. Målsettinga er å få på plass eit vald for heile området, alternativt eit vald i Sørrområdet og eit i Nordområdet. Ein viktig føresetnad for arbeidet er at ein får på plass dei økonomiske ressursane som trengs for å greie ut arbeidet.

## Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek å setje i gang arbeidet med ny kartlegging og bonitering av heile villreinområdet for å få eit best mogleg fordeling og oversikt over teljande areal for den enkelte grunneigar. Målsettinga er å få på plass eit vald for heile området, alternativt eit vald i Sørrområdet og eit i Nordområdet. Ein viktig føresetnad for arbeidet er at ein får på plass dei økonomiske ressursane som trengs for å greie ut arbeidet.

Arbeidsutvalet får mandat til å følgje opp arbeidet.

Adresse:  
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:  
61217025

Telefaks:  
61217000

E-post:  
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

# VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

5

<b>Saksnummer/år: 17/09</b>	
<b>Møtedato: 15.juni 2009</b>	
<b>Saksansvarleg: Bjørn Dalen</b>	

**Tittel:** Budsjettarbeidet - økonomi

**Saksdokument:**

<b>BUDSJETT FOR OTTADALEN VILLREINNEMND 2009</b>		
<b>Tekst</b>	<b>Delsum</b>	<b>Sum</b>
Møtegodtgjersle - 5 møte	160.000	
Køyregodtgjersle 12.000 x 5 møte	60.000	
Servering	12.000	
Materiell til nemndsmedlemmane	10.000	
Diverse/uforutsett	10.000	
Kontingentar	4.000	256.000
<b>Sum drift nemnd 2009</b>	<b>256.000</b>	
<b>Sum drift sekretariat 2009</b>		
Kostnad sekretariat, ordinære midler	70.000	
Oppstartsmidler for Skjåk kommune 2009	70.000	140.000
<b>Sum drift sekretariat 2009</b>	<b>140.000</b>	
<b>Sum total kostnad 2009</b>		<b>396.000</b>

## **Saksutgreiing**

Over er det laga eit oppsett over budsjett for 2009. Budsjettet er basert på kostnader og satsar som gjeld i 2009. Sekretariatet beklager at oppsett over budsjett kjem så seint.

## **Innstilling:**

Ottadalen villreinnemnd vedtek budsjett for 2009, under føresetnad av fylkesmannen si godkjenning.

## **Villreinnemnd for Ottadalen sitt vedtak:**

Sekretariatet skal utarbeide budsjett for 2009 i tråd med løyvd rame. Alternativt budsjett 2009, som framlagt, skal brukast for å dokumentere overfor Direktoratet for naturforvaltning det årlege behovet.

Budsjett for 2010 skal leggest fram saman med årsrekneskapen for 2009.

Adresse:  
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:  
61217025

Telefaks:  
61217000

E-post:  
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

# VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

6

## SYNFARING I VESTOMRÅDA STRYN-SKJÅK-STRANDA 15.juni

1000 Start frå Grotli hotell

Breiddalen – Oppljostunnelen – problematikk rundt vårtrekk kalving – påkøyrse.

Ved Langvasskrysset (mot Geiranger og Stryn) låg det ein flokk med rein eit par hundre meter får vegen. Simler med kalv.

Strynefjellsvegen – nasjonal turistveg. Stryn sommerski – vernegrense og inngrepsproblematikk

Her såg ein på korleis reinen trekker i området og Knut Granum kunne fortelje at einen enkelte år trekte langt utover langsvassegga mot Stryn og at det sam har skjedd opp under Kvitlenova der den også kjem opp frå sør (Mårådalssida.). Dette gjeld ikkje berre bukk men og fortringsflokkar. Dette viser kor aktuelle probelmatikken er i området og at det lett kan bli konflikt ved vidare utbygging.

Vassvenda – Mårådalen – stigproblematikk-stoppunkt for turistar

Her vart det oreintert om det arbeidet som er gjort tidlegar med stigmerking og dei planane som vegvesenet har i samaband med nasjonal turistvegar. Sidan trekka i området er sentrale frå Mårådalen, over Vassvenda og opp og over til Breiddalen meiner nemnda at ein skal vere svært forsiktig med tilrettelegging og at vidare utviding av dett ikkje bør skje. Når det gjeld tanken om å ha opp eit "kunstverk" langs vegen ein stad bør og det trekkast ut av dette området lenger ned.

Heillstuguvatnet – trekk over osen hyttefelt

Her vart det orientert om etablering av Grotli hyttefelt som kom utover frå 1990. Ca. 200 hytter. Øvre delen av det regulerte området vart teke ut av planen p.g.a. trekket som går over osen av Heillstuguvatnet og opp på Vassvendegga.

Avsluttes med middag på Grotli høyfjellshotell

Adresse:  
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:  
61217025

Telefaks:  
61217000

E-post:  
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no